

Potetene blømer flott i skulehagen.

11.07.2016



Potetplantene blømer flott i skulehagen.

I dag er det faktisk mange unge som ikkje veit kor potetene dei får kjøpt i butikken eller hos Ola Korsvik ved Grano, kjem frå. Det er litt rart å tenkja på i ei bygd der det for få tiår sidan var potetåkrar på alle gardar og i mange hagar. No er det langt mellom gardane med slike åkrar.



Elevane i arbeid i mai saman med Sella Hjørnevåg

2. klassingane, forrestesten snart 3. klassingane, ved Uskedal skule veit dette godt! Dei veit også kva som skal til for å få fine og gode potetavlingar. Og ikkje berre det dei har også kunnskapar om grønnsaker, bær og andre nyttevekstar som gjer at måten vår smakar så godt. Dei har nemleg sin eigen kjøkkenhage på skulen. I mai spadde dei opp åker, gjødsla, sådde og planta. I arbeidet fekk dei gode råd og hjelp av både lærarane og

verdens beste konsulent, Sella Hjørnevåg. Elevane hadde hovudansvar for alt arbeid fram til skuleferien tok til. I ferien har dei hatt veldig god hjelp av Sella, men eg føler meg ganske så sikker på at også mange av elevane har vore nedom og fulgt den fine utviklinga.

No blømer potetene så flott med lilla blomar, og rundt dei finn ein både persille, vårløk/purreløk, grasløk, rabarbra, hovudkål og anna. Ja, rips og jordbær var det i alle fall, og så var det byrja å koma nokre små tomater.

Godsakene skal 3.klassingane bruka på skulekjøkenet til hausten. Det er noko dei ser fram til. Også det er ein viktig del av læringsprosessen.

De kan lesa om [vårarbeidet i skulehagen her](#).



[Her vert potetene sette.](#)

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Thor Inge Døssland og Hilde Bringedal(arkivfoto.)